



Helene Halland Anfinsen og Frode Anfinsen
Fløksand 62
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2468 - 15/16921

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@meland.kommune.no

Dato:
11.09.2015

Retting av matrikkelgrenser GBNR 5/46

Meland kommune har fått inn krav om retting av grenser i matrikkelkartet for gnr. 5 bnr.46. Retting av grenser er berre aktuelt der grensene ikkje tidlegare er bestemt av kommunen ved kart- eller oppmålingsforretning og der dei ligg i kartet med unøyaktig kvalitet/ usikre grenser, eller manglar i kartet. Slik retting av grense utan oppmålingsforretning er heimla i Matrikkellova §26.

Generell informasjon om/ vilkår for retting av grense:

- Dersom partane det gjeld er samde om kvar grensa går og dei kan dokumentera dei med skyldskifte, jordskifte eller liknande og teikna dei inn på kart så nøyaktig som råd, kan kommunen rette grensene i matrikkelkartet.
- Dersom retting av grense ikkje let seg gjennomføra må partane rekvirere oppmålingsforretning/ påvising av grensa enten hjå kommunen eller hjå jordskifteverket. Dette er den einaste måten å få grensa nøyaktig avklart, eventuelt nymerka og målt på ein etterviseleg måte. Slik forretning må betalast av rekvirent.

Ein gjer merksam på at slik retting av matrikkelgrense ikkje fører til endring av status til grensa. Grensa vert framleis liggande som usikker/ umålt grense i kartet, men eigedommen sin storleik og plassering vil forhåpentlegvis stå fram som meir rett enn tidlegare. Flytting av grensa i kartet endrar heller ikkje på grensa i terrenget. Det er framleis skyldskifte/ jordskifte og merka i marka som gjeld.

Denne saka:

Eigedommen 5/46 består av opprinneleg bnr. 46 og bnr. 52, der bnr 52 er utgått ved samanslåing i 1995. Grensene til eigedommen har ikkje vore nøyaktig oppmålt av kommunen og ligg med usikre grenser i kartet og desse er tydeleg noko feilplassert.

Eigar av denne eigedommen har no påvist grensene og fått desse oppmålt med nøyaktig GPS. Kommunen har ikkje vore med på denne oppmålinga og me kan difor ikkje legge inn denne eigedommen med same kvalitet som me legg inn eigedommar som kommunen sjølv har målt opp. Kommunen har kontrollert grensene mot måla i skyldskiftet og dette ser rett ut.

På vedlagte kartvedlegg er dei påviste grensene teikna inn med blå strek, og måla frå skyldskiftet er påført. Vedlagt ligg også kartvedlegg som kom inn saman med kravet om retting.

Dersom de ikkje er samde i at denne rettinga vert utført, bed ein om at de kjem med skriftleg tilbakemelding innan 3 veker frå de mottek dette brevet.

Dersom det ikkje kjem inn motførestillingar til framlegget, vert matrikkelgrensa endra i samsvar med dette. Underretting om retting av grenser vert sendt til dei det gjeld etter at rettinga er utført.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Anngunn Marie Gullbrå
fagansvarleg gis/geodata

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

5_46_framlegg rette grenser
Kart

Mottakere:

Helene Halland Anfinsen og Frode Fløksand 62 5918 FREKHAUG
Anfinsen
Kaare Hansen